

# Hjølmo

*I den bratte dalsida i Hjølmodalen, ein liten sidedal frå Øvre Eidfjord som har vore ein sentral oppgang til Hardangervidda, ligg framleis det gamle fellestunet samla. Tunet står tomt idag; nokre av busa er i bruk sommarstid, men graset veks kring alle nover.*



Klyngjetunet i Hjølmodalen tidleg i dette hundreåret.


Bruka på Hjølmo har framleis innmarka liggjande uskift, fordelt i lange teigar på tvers av dalen, frå dalside til dalside – ein interessant parallel til den skotske «strip farming».

Klyngjetunet på Hjølmo er eit verdfullt kulturminnemiljø. Frå toppen av dalsida held den gamle ferdslevegen fram innover mot Viveli og Veigdalen. □

## VARBERG

*Det store gravfeltet på VARBERG og MYKLATUN går tilbake til ei tid då lokalsamfunnet var i sterkt utvikling. Garden utvikla seg, åkrane fekk gjerde og tunna fekk fleire og fleire hus. Det er kanskje denne folkeauken som kjem til uttrykk i dei mange gravrøysane og gravfeltet i nærleiken av gardane i Eidfjord. Denne tida har også vore ei urotid, og bygdeborga på Varbergshaugen ligg fritt, med vidt utsyn og kontroll over ferdsla i Øvre Eidfjord.*

Vegane gjennom Måbødalen. Stigen opp Måbøberget er i dag restaurert og vi kan vandra langs same rute som Hansteen, med utgangspunkt frå Måbødalen Kulturlandskapsmuseum eller informasjonspaviljongen ved Vøringsfossen.



TEMA: Byggesikken ⑦115,  
Bonder og busetnad ⑦37

## HANSTEEN OG VØRINGSFOSSEN

Då astronomen, professor CHRISTOPHER HANSTEEN, var på fottur over Hardangervidda i 1821 for å gjera observasjonar til den nye almanakken, fortel han i Budstikken om korleis han let seg fascinera av den mektige Vøringsfossen; til då ukjend for det «kultiverte» Noreg. Slik har Hansteen vorte ståande som «oppdagaren» av Vøringsfossen. Klokka fire om morgonen, den 6. juli, gjekk ferda vidare frå Maurset nedover mot Hardanger, med lokale kjentmenn. Dei hadde ei overrasking i vente for «Almanak-Mesteren»:

«Vi kom fra et Krat pludselig ud paa kanten af en lodret Kløft i Fjeldet, der syntes saa smal, at jeg troede med et Steenkast at kunne naae den modsatte endu høiere Fjeldvæg. To, aldeles lodrette, Fjeldvægge indslutte en Slags snever Dal, hvis Dybde er saa stor, at alle Gjenstande paa Bunden have et blaagtigt Skjær».

For å gje lesaren ein idé om denne svimlande høgda som opna seg framfor han, samanliknar Hansteen med høgda på kyrkjespiret på Vor Frues Kirke i København – 380 fot som må gangast med 3, til 1200 fot – og han bed lesaren om å tenkja seg ei elv som styrtar loddrett ned frå denne høgda.

«Det øvrige gjennomrystende ved denne Scene vil jeg ei vanhellige ved Kraftløse Beskrivelser. Naturen er ofte for stor for vaare svage Ord ... Jeg tog derfor ikke i betenkning at lade den ene (av følgjesveinane) holde mig i Armen, imedens jeg heldede mig ud over Brinken, for noget tydeligere at see ned i Dybet, og – han slap mig ikke(!) ... Denne Fos, hvis Navn er Vørings Fossen, dannes af 2de Elve Bjorei og Leiro .... som .... styrter seg derpaa pludselig ned i den førstomtalte Kløft, som kaldes Maabbe-Dalen».

Dei gjekk vidare frå denne storslegne opplevinga og kom til den neste, der nedstiginga i Måbøberget byrja. I ei steinrøys mellom lodrette fiellvegger

«har man af de nedfaldne Stene opstabelt en Slags Trap, der Formedelst Fjeldvæggens Lodrethed er ledet i en Slangelinie eller rettere Zigzag frem og tilbage, saaledes, at naar man har nedsteget 10-12 Trin, dreier Trappen sig med eet i modsat Retning ....»

124 slike vendingar kunne Hansteen og dei to følgjesveinane hans telja før dei var komne ned i dalbotnen, nærmare 1500 trinn.